



Språkstatus under lupa

Noregs Mållag og to språkvitarar har kommentert fersk statusrapport om språka i Noreg.

SIDE 10–13

Ragne B. Lysaker, Senterpartiet



Nynorsk-kampen

Liv Signe Navarsete ser tilbake på fleire kampar i rikspolitikken. Blant anna ein for nynorsken.

SIDE 18–19

Foto: Schibsted Partnersstudio / Arild Danielsen



Får ros for ny lov

Kunnskapsministeren sitt framlegg til opplæringslov er ein siger for nynorskelevane, meiner Noregs Mållag.

SIDE 8–9

Norsk Tidend

nr. 4
september 2021

medlemsblad for Noregs Mållag



Retten som ikkje hjelper

Lærebøkene til nynorskelevane har kome for seint i 50 år, stikk i strid med lovverket.
– Vi får ikkje gjort noko annleis, seier forlaga.

Side 4–5

FOTO: NOREGS MÅLLAG

Kampen om fyrstelinja

NT Det byrjar å bli ein kjenningsmelodi. Med nye lærebøker kjem forseinka nynorskboeker. Alle skuldar på kvarandre, og nynorskelevane får svi. Forlaga seier dei gjer sitt beste, og politikarane har ikkje noko nytt å kome med. Dét kan ikkje målfolket stå seg til ro med, for dette er «serious business». Forseinka bokmålsbøker fører til irritasjon blant lærarar og elevar, men det er det. Forseinka nynorskboeker fører elevane inn i målbytte og dei alvorlege kulturpolitiske konsekvensane det fører med seg.

NT Inn i målbytet bidreg òg lærarar som ikkje lærer nynorsk, og lærarutdanningar som ikkje bryr seg. Vi kan rett og slett ikkje vente at ungdomane held på nynorsken når det blir for brysamt for dei. Som samfunn er det vår jobb å leggje til rette for at det skal vere enklare å vere nynorskbrukarar. Og både lærebøker som kjem i tide, og lærarar som kan nynorsk, bør vi greie å få til.

NT Om eit snautt halvår får vi ei ny språklov som vorleg skal føre oss nærrare ei jamstilling. Men den som trur at kampen er over no, får tru om att. Dei vel 1000 nye medlemmene Noregs Mållag har fått på ei veke i august, kjem til å kome godt med. For fyrstelinja bør få høgste priorititet frametter, og der står kampen for lærebøker og lærarar som kan – og kan undervise i – nynorsk. Utan dette på plass blir eigne nynorskklassar for ungdomsskuleelevar ein illusorisk siger.

NT Med dette gjev eg meg som redaktør i Norsk Tidend. Takk for laget – det har vore kjekt!

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov
Frå 15. september er Anita Grønningsæter Digernes redaktør i Norsk Tidend.

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Regjeringa og kunnskapsminister Guri Melby (V) vil lovfeste **retten til å gå i eigne nynorskklassar** gjennom heile grunnskulen. Eit rekordstort Noregs Mållag har fått eit historisk gjennomslag: No skal heile Noreg få Odda-modellen.

Odda ut i verda

DET ER IKKJE ofte nynorskelevane får nye rettar. Dette er det viktigaste gjennomslaget for nynorsk-elevar på nærrare femti år. Språkdelte ungdomsskular vil sikre at nynorskelevane i språkblanda område får undervising på nynorsk i eigen klasse. Det vil gje dei ei betre lese- og skriveopplæring og bidra til å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål.

DÅ GURI MELBY (V) blei kunnskapsminister i mars i fjor, sa eg at Venstres skulepolitiske suksess i denne regjeringa stod og fall på om ho la fram ei opplæringslov som var bra for nynorsken og nynorskelevane. Språkdelte ungdomsskular var eitt av dei viktigaste krava våre og det største ynsket for den nye lova.

Allereie i 2016 bad eit fleirtal på Stortinget om ei utgreiing av denne retten, men regjeringa og Høgre sine to kunnskapsministrar, Torbjørn Røe Isaksen og Jan Tore Sanner trenerte saka. Dei viste til arbeidet med NOU 2019:23 *Ny opplæringslov*, men utvalet tok ikkje stilling til spørsmålet fordi dei meinte dette var eit politisk spørsmål, og dei hadde dessutan ikkje mandat til å føreslå nye rettar som kostar pengar. Ballen venta på Melby då ho inntok kunnskapsministerstolen, og denne hausten sette ho han i mål.

NT LEARTEIGEN



PEDER LOFNES HAUGE
leiar i Noregs Mållag

Det er all grunn til å skryte av regjeringa, men dette hadde ikkje skjedd utan systematisk og langvarig arbeid frå Mållaget.

KUNNSKAPSMINISTEREN VISER AT ho forstår at nynorskelevane har andre kår enn bokmålelevane, og forsøker også å gjere noko med ei av dei største utfordringane i skulen: Mangelen på nynorsk i den nye, digitale skulekvarden. Melby vil lovfeste at skulane må bruke skriveprogram som stør nynorsk. Men når ho legg inn eit departementalt etterhald om at dette berre skal gjelde «så langt som råd», og når definisjonen av lærermiddel ikkje blir skjerpa, er vi redde for at nynorskelevane framleis vil måtte møte alt for mykje bokmål på internett.

VI HAR ALTSÅ framleis ein jobb å gjere. Då er det gledeleg at Mållaget opplever ein ellevill medlems-



Illustrasjon: Kjartan Helleve

vekst. Framstegspartiet sin ungdomsorganisasjon (FpU) starta valkampen sin med kampanjen «F**K NYNORSK». Sjølv om dei ikkje våga å skrive det engelske banneordet «fuck», var det ikkje vanskeleg å forstå kva dei meiner om språket vårt. Reaksjonane lét ikkje vente på seg. På tre døgn fekk Noregs Mållag over tusen nye medlemmer og har full fart på veg mot det høgste sentralt registrerte medlemstalet nokosinne. Dette gjev oss makt bak krava inn mot det neste Stortinget som skal vedta den nye opplæringslova.

MED LOV SKAL landet byggjast, men lovfesta rettar er ikkje verde papiret dei er skrivne på, om dei ikkje blir innfridde. Denne hausten er det femti år sidan over 30.000 elevar og lærarar streika for retten til nynorske lærebøker i skulen. Vi fekk lovfesting i 1974, men framleis må mange elevar vente på nynorskversjonen av lærebökene sine. Det kanskje grovaste dømet frå førre skuleår var til dømes i nett-opp Odda, der Vg1 TIF-elevane fekk si siste nynorske lærebok i slutten av mai, berre éi veke før skuleåret var slutt!

NÆRARE 15.000 MEDLEMER av Noregs Mållag kviljer ikkje før det er like lett å vere nynorskelev som bokmålselev.

*Med lov skal landet
byggjast, men lovfesta
rettar er ikkje verde
papiret dei er skrivne
på, om dei ikkje blir
innfridde.*

NT SAGT

Då eg melde meg inn i Noregs Mållag, hadde vi vel litt over 11.000 medlemmer inkludert Norsk Målungsdom. I år nærmar dei seg 17.000. Vurderer no eit jakkemerke med påskrifta «eg blei med i mållaget før det blei kult».

@jenskihl på Twitter

Ej prata veldi rart på fjernsyn av og til...men e stor tilhengar av både nynorsk og Ivar Aasen....og no he ej blitt medlem av @noregsmallag

@JanAageFjortoft på Twitter

Det er faktisk brudd på mine menneskerettigheter når britiske krimseier ikke har undertekster på nynorsk.

@kjenslevart på Twitter

Fint å tenke på at det eneste sikre i en usikker verden er "blokkgodtgjersle", tror Den vesle boka om Bitcoin er den første nynorskboka jeg leser noensinne. Flyter bra, liker det.

@sentralbrokeren på Twitter

Hvordan kan vi beskrive variasjon mellom forskjellige språk og dialekter? Hva kan vi lære fra den variasjonen om hva som er mulig og hva som ikke er mulig i et menneskespråk?

Slike spørsmål får letttere innpass i diskusjoner blant allmenheten i Norge enn i andre land blant annet på grunn av at Aasen sitt arbeid har blitt så godt kjent i dette landet. Han bidro til at vi engasjerer oss i spørsmål om språk og ikke minst språklig variasjon.

Dåverande OsloMet-rektor og språkvitar Curt Rice i 17.-mai-tale ved Ivar Aasen-bautaen

Tema som kjærlighet, takknemlighet, mot og ærlighet gjør det naturlig å synge på morsmålet. Det morsomme er at fans fra Japan til England vil ha albumet på norsk.

Musikar Christian Ingebrigtsen til Aftenposten om kvifor han for første gong gjev ut musikk på norsk

– Havet, fiske, litt tøft vær. Noe verdig norsk. Kysten, Ivar Aasen, og så er det jo et fint plagg da.

Karen Vardal Håvoll sine assosiasjonar til «islendaren» i NRK

– Navnene på dem som er på valg, er de samme. Vi kan klare en gang iblant å bruke nynorsk. Vi har mange som bruker nynorsk i fylket, sier Helgesen.

Fylkespolitikar Gunn Marit Helgesen (H) i Porsgrunns Dagblad om at røystesetlane i heile Telemark kom på nynorsk i år

– Skulle stemme, men måtte visstnok røyste.

Gruppeleiar i Porsgrunn Ap, Janicke Andreassen til Porsgrunns Dagblad

Synleggjeringa av språkleg mangfold er ikkje eit spesialtilbod til dei av borgarane som har nynorsk som sitt hovudmål. Norsk er det viktigaste felles kulturobjektet vårt, og føremålet med språkvekslinga er at alle skal møta og bli kjende med begge dei to norske skriftkulturane.

@aasewet på Twitter

I eit halvt hundreår har nynorskelevar kjempa for å få **lærebøker til same tid** som bokmålselevane.

– Vi har stor respekt for lovverket og jobbar så fort vi kan, seier forлага.



Kampen som aldri tek slutt

BLANT DEI MEST målretta kampane målørsla nokon gong har ført, er den for likebehandling av lærebøker på nynorsk og bokmål. Kampen har vore strategisk viktig for nynorskskiflet, fordi forseinka lærebøker ofte fører til lærebøker på bokmål, med målbyte som resultat. I 1971 streika 30.000 elevar ved 112 skular for å få lovfest retten til at lærebøker på nynorsk skal koma samtidig med bokmålsbøkene. Tre år seinare vart det lovfest at læremiddel skulle koma på bokmål og nynorsk til lik tid og lik pris. Men kampen var langt frå vunnen, og 50 år seinare må nynorskelevarne framleis venta lenger på lærebøkene enn bokmålselevane. Ikkje alltid, men ganske ofte.

– Ei kjensle av at det blir nedprioritert

I år blir det innført nye læreplanar på fleire skuletrinn, og med det følgjer nye og forseinka lærebøker. Norsk Tidend har vore i kontakt med fleire skulebibliotekarar som fortel at dei ventar, særleg på nynorskboekene. Somme bøker er ikkje annonserete før i oktober.

Astrid Holmefjord, spesialbibliotekar ved Kvam vidaregåande skule i Hardanger, er blant dei som ventar. Ho seier problemstillinga med for seine nynorskboekar er velkjend når skulen kjøper inn nye læreverk.

– Situasjonen oppstår ganske ofte. Som regel kjem bøkene etter nokre månader, men i fjor fekk elevane på studieretninga teknologi- og industrifag (TIF) den eine læreboka si to veker før skuleåret var slutt ... Lærarane bruker eldre bøker eller andre alternative opplegg i mellomtida, så det blir ein del ekstraarbeid for dei.

Holmefjord fortel at dei seine nynorskboekene kan gje ulikt utslag på ulike skular.

– Her har vi nesten berre nynorskelevar og prøver difor å



NEDPRIORITYERT – Elevane får ei kjensle av at nynorsk blir nedprioritert, meiner spesialbibliotekar Astrid Holmefjord ved Kvam vidaregåande skule i Hardanger.

Foto: privat



SEINE LÆREPLANAR: – Utgangspunktet er alltid at lærebøkene skal vera klare til skulestart, seier Ingrid Oos Hove, redaksjonssjef i Gyldendal Undervisning.

Foto: Gyldendal

unngå å kjøpa inn bokmålsversjonane medan vi ventar. Men på språkblanda skular er det ofte ikkje det som skjer. Kollegaene mine der fortel at nynorskelevarne som regel får ei bokmålsbok, med melding om å koma og levera henne og få nynorskversjonen når han er kome. Men i realiteten blir det då ofte til at dei bruker bokmålsboka heile året.

Utgivingsdatoen som fyrst blir annonsert, blir ofte utsett, seier Holmefjord. Ho meiner uføreseielegheita kan vera krevjande.

– Eg prøver som regel å få digital tilgang til bøkene medan vi ventar, så det blir ein del individuelle avtalar. Å halda styr på både desse og stadig endra leveringstider er ein liten jobb i seg sjølv. I tillegg er det utfordrande for lærarane, som må kasta om på opplegga sine fordi dei plutselig får vita at boka kjem seinare enn venta.

Det verkar som om det generelt er vanskeleg for forлага å få ferdig lærebøkene i tide, seier Holmefjord.

– Eg ser jo at bokmålsbøkene ikkje alltid heller er klare til skulestart, så det kan verka som om forлага har litt dårleg tid på seg.

Situasjonen er ikkje heldig for elevane, meiner Astrid Holmefjord.

– Elevane får fort kjensla av at nynorsk blir nedprioritert. Så eg meiner bøkene skulle ha kome på likt, slik lova seier.

– Vi jobbar så fort vi kan

Skuleigaren er ansvarleg for ikkje å ta inn lærebøker som ikkje oppfyller krava i lova. Men det er forлага som gjev ut lærebøker, og dei har såleis stor reell makt.

Ingrid Oos Hove er redaksjonsjef i Gyldendal Undervisning. Ho seier forlaget jobbar så fort dei kan.

– Vi har full respekt for at lærebøkene skal koma samtidig på både bokmål og nynorsk, og dette er ein viktig regel. Målet vårt er alltid at begge versjonane skal vera klare til skulestart, og vi greier det i dei fleste tilfelle. Men arbeidet med ei lærebok er ein kompleks prosess med mange involverte,

der til dømes sjukdom eller andre uforsette hendingar kan påverka framdrifta. Då kan bøkene bli forseinka.

Hove fortel at nynorskversjonane som regel blir laga etter bokmålsversjonane.

– Dei fleste lærebøker blir skrivne på bokmål og omsette til nynorsk. Det har å gjera med at flest skriv bokmål, og det gjeld også forfattarane våre.

Det er lite tid å vinna på å starta omsetjinga tidleg, meiner Hove.

– I ein lærebokprosess skjer det mange endringar undervegs, og difor



BOKMÅL FYRST: Nynorskelevane blir som regel dei som ventar lengst på lærebøkene, fordi bokmålsversjonane blir ferdige først og sleppte når dei er klare, fortel forlaga.

Foto: Mari Solheim

– Dersom læremidla ikkje kjem i tide, må skulane brukar makta si og la vera å kjøpa dei inn.

Anja Johansen (V), statssekretær i Kunnskapsdepartementet



POLITIKAR: Anja Johansen (V) er statssekretær i Kunnskapsdepartementet.

Foto: Marte Garmann

er det best å gjera ferdig det eine manuset før ein tek til på omsetjinga. Om ikkje vil det bli mykje dobbeltrettning som vil føra til at lærebøkene totalt sett kjem ut seinare.

Hove seier at læreplanane er ein faktor som gjer at det kan vera vaniskeleg for forlaga å halda fristane.

– Den politiske behandlinga av læreplanane dreg ofte ut i tid, og dermed kjem dei alltid litt seinare enn vi skulle ønskja. Det gjer at dei ytre faktorane i lærebokproduksjonen blir meir kritiske enn dei hadde vore om læreplanane hadde kome tidlegare.

Sals- og marknadssjef Fredrik Pharo i Cappelen Damm støttar Hove i at seine læreplanar er ei utfordring for forlaga.

– Sjølv om det varierer litt, er læreplanane i ein del tilfelle såleine at det blir vanskeleg for oss å få bøkene ferdige. Så tidlegare lære-

planar hadde gjort det lettare for oss å levera til skulestart.

Pharo seier det ikkje er eit alternativ for forlaget å venta med å gje ut bokmålsversjonen når bøkene er forseinka.

– Utgangspunktet vårt er alltid at bøkene skal vera ferdige til skulestart, på både bokmål og nynorsk. Men i dei tilfella det ikkje går, meiner vi det er betre at dei som skal ha bokmålsversjonen, får den i tide, enn at alle elevane må venta.

Økonomisk støtte fra styresmaktene hadde hjelpt forlaga lite, meiner Pharo.

– Eg trur det hadde hatt marginal effekt. Det er ein viss ekstrakostnad for forlaga ved å produsera både bokmåls- og nynorskversjonar av bøkene, men det er ein kostnad vi reknar med og tek i dag. Så med unntak av å få ferdig læreplanane tidlegare, ser

eg ikkje heilt kva styresmaktene skal gjeira for å betra situasjonen.

– Situasjonen ligg til rette

Statssekretær Anja Johansen (V) i Kunnskapsdepartementet seier lovkravet ligg fast, og at situasjonen ligg til rette for at forlaga kan oppfylla det.

– Når elevane ikkje får læremidla sine på det skriftspråket dei har valt, er det eit brot på rettane deira. Eg stussar over argumentet om at det er læreplanane som er for seine.

Læreplanprosessane i samband med fagfornyinga har vore svært opne, og undervegs tok vi jamleg opp problemstillinga om læremiddel på nynorsk med forlaga.

Johansen peikar på at det er skulane sitt ansvar å la vera å kjøpa inn læremiddel som ikkje oppfyller lovkravet.

– Dersom læremidla ikkje kjem i tide, må skulane brukar makta si og la vera å kjøpa dei inn.

– Men dette har jo vore eit problem og ei drivkraft for målbyte frå nynorsk til bokmål i 50 år. Ei ny oppmoding om at skulane skal brukar makta si, kjem vel neppe til å gje situasjonen stort betre, særleg når vi veit at utgjevingsdatoen for lærebøkene ofte blir utsett undervegs?

– Eg ser at dette er alvorleg for nynorskelevane, som er i ein pressa situasjon frå før av. Med det ferske framleggjet til ny opplæringslov har vi samla sett styrkt nynorsk, mellom anna med rett til å gå i eigne nynorskklassar gjennom heile grunnskulen. Dette vil styrkja opplæringa for nynorskelevane og vonleg og medvitet om rettane deira.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

«F**k nynorsk», seier FpU, og utløyser **medlemsauke** hjå Noregs Mållag.

Medlemmer strøymer til Mållaget etter Marit sitt biletet

– EG SÅG plakaten på avstand først, så eg var litt sjokkert over at Fremskrittspartiets Ungdom (FpU) hadde med eit biletet av Ivar Aasen på skuledebatt, fortel Marit Voldsun Fjeldvær (20) på telefon til Framtida.no.

Då Fjeldvær, som mandag 23. august var på Charlottenlund videregående skole for å representere Sosialistisk Ungdom, kom litt nærare og såg påskrifta «F**k nynorsk», var ho mindre imponert.

– Eg synest det først og fremst er veldig respektlaust og ganske kvalmt å ha ein så billig kampanje for å hente inn stemmer. Denne kampanjen beviser at FpU ikkje har valfritt sidemål som kampsak fordi dei vil ha valfridom i skulen, men fordi dei hatar nynorsk.

Fjeldvær tok biletet av plakaten og sende til kollegaane sine i sentralstyret i Norsk Målungdom, men ana ikkje at biletet skulle skape ringverknadar på så kort tid.

Sidan Noregs Mållag og leiar Peder Lofnes Hauge først delte biletet på sosiale medium, har organisasjonen fått ein straum av nye medlemmer, 1200 på ei veke.

Gratis bøker i vervepremie

Mållaget har òg fått drahjelp av forfattar Anders Totland. Då han fekk nyss i FpU-slagordet, starta han sin eigen vervekampanje på Facebook.

– Hadde eg vore ein sånn ung og frisk type, skulle eg ha starta motkampanjen «VERN OM KULTURAR-

VEN. FUCK EIN NYNORSKBRUKAR», skreiv Totland i innlegget.

I staden for lova Totland at alle som melde seg inn i Mållaget i løpet av måndagskvelden, skulle få eit eksemplar av romanen hans *Vintertonar* i posten.

Innan dagen var omme var innlegget delt over 60 gonger, og i radiosendinga *God morgen Hordaland* tysdag morgon fortalte Totland at nærare hundre stykk har teke kontakt.

– Om eg må ut med litt pengar i porto og bøker, om eg faktisk har bidrege til å skaffe nærare hundre nye medlemmer til Mållaget, skal eg stå godt i det, sa han i radiosendinga.

I ettertid har det kome fram at




GODE HJELPARAR: Marit Voldsun Fjeldvær var på valdebatt på ein skule i Trondheim då ho såg og tok biletet av det nynorskfiendtlege rullebanneret frå FpU. Det har utløyst stor medlemsauke i Noregs Mållag. Forfattar Anders Totland lova å gje bort eit eksemplar av boka si til alle som melde seg inn, noko som har ført til endå fleire medlemmer.

Foto: Tobias Eikeland (t.v.) og Marius Knudsen/Samlaget



Fremskrittspartiets Ungdom



NYNORSKMOTSTAND: Framstegspartiets Ungdom (FpU) har viggd eit heilt rullebanner til kampanjen mot nynorsken.

Foto: Marit Voldsgård Fjeldvær

– Eg synest det først og fremst er veldig respektlaust og ganske kvalmt å ha ein så billig kampanje for å hente inn stemmer.

Marit Voldsgård Fjeldvær

Totland får hjelp av forlaget sitt, Samlaget, som har sagt seg villige til å dekkje kostnadene for han.

– Vert ikkje teken seriøst som nynorskbrukar i Trøndelag

Marit Voldsgård Fjeldvær gler seg over medlemsauken i moderorganisasjonen, men trur kampanjen til FpU vil gjere det vanskelegare for nynorskbrukarar i Trøndelag å halde på språket sitt, og at terskelen for bokmålselevar for å byte vert høgare.

For skuleåret 2019/2020 var det berre 6 elevar med nynorsk som hovudmål i fylket, og ingen skulekrinsar har nynorsk. Dette trass i at Nord-Trøndelag vart eitt av dei første fylka til å ta i bruk nynorsk.

Fjeldvær gjekk første vidaregåandeåret på Charlottenlund videregående skole, og fortel at kvardagen som nynorskbrukar i Trøndelag er vanskeleg nok som han er, utan slike kampanjar frå eit ungdomsparti.

– Du får ikkje lærebøker på nynorsk før du har masa i tre år. Det er inga undervisning på nynorsk, for sjølv norsklærarane som skal ha sidemålsundervisning, er ikkje stødig nok i språket til å lære det vakk, seier 20-åringen og konstaterer:

– Du vert ikkje teken seriøst som nynorskbrukar i Trøndelag, for bokmålet dominerer så.

Sjølv har ho valt nynorsk som hovudmål fordi det ligg dialekta hennar nærrare, men ho fortel at få jamaldrande i fylket gjer det same:

– Etter ein slik kampanje er det ikkje noko folk vurderer ein gong.

BENTE KJØLLESDAL
Framtida.no



ANNLEIS FOLKEVILJE: – Medlemsauken er eit teikn på at FpU og Frp er i utakt med folk flest, meiner mållagsleiar Peder Lofnes Hauge.

Foto: Jannica Luoto

1200 nye medlemmer etter FpU-stikk

– Skamlaus antipopulisme, kallar mållagsleiar Peder Lofnes Hauge kampanjen frå FpU, som har gjeve Noregs Mållag det høgste medlemstalet sidan 1987.

– VI ER LEIE AV at norske elevar må bruke tid på fag som ikkje er relevante for arbeidslivet, sa FpU-leiar Andreas Bränström til NRK om kampanjen for valfritt sidemål, der ungdomspartiet brukte ein plakat med bilete av Ivar Aasen og teksten «F**k nynorsk».

– Hovudpoenget er at vi vil unge skal utdanne seg for framtidens arbeidsliv. Språka er omrent like. Når mange ikkje les og skriv godt nok, må ein prioritere hovudmålet.

Innmeldingsstorm

Learen i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, var svært kritisk til FpU-kampanjen. Til NRK sa Hauge at han vart oppgitt, og kalla kampanjen skamlaus anti-nynorskpopulisme frå FpU.

– Det å få opplæring i både nynorsk og bokmål i grunnskule og vidaregåande gir ein språkleg fridom til å velje om ein vil bruke nynorsk eller bokmål resten av livet, i staden for ein falsk fridom der ein vel det vakk i tre formative år på vidaregåande, seier han.

På ei veke har over 1200 nye medlemmer meldt seg inn i Mållaget. Hauge meiner dette er eit teikn på at FpU og Frp er i utakt med folk flest.

Vil skape engasjement

Leiar i Vestland FpU, Martine J. Baarholm seier kampanjen har som føremål å skape engasjement og meiner Mållaget heller burde svare på kvifor dei ønsker å tvinge elevane til å lære eit skriftspråk dei ikkje vil få bruk for, enn å hisse seg opp over ordbruken.

– I skuleval blir det brukt spissformuleringar over ein låg sko. Noregs Mållag bidreg til det ved å kalle kampanjen skamlaus og anti-nynorskpopulisme, seier Baarholm til NRK.

NY LEIAR I VOLDA: Jørund Fet er vald til ny leiar i Volda Mållag. Han tek over for Anne Steinsvik Nordal, som har leia laget sidan 2018, og no held fram som nestleiar.

MÅLPRIS TIL HARDANGERBADET: Kvam Mållag har delt ut sin fyrste målpris, og den gjekk til **Hardangerbadet** i Øystese. «Hardangerbadet AS har frå dag éin vist at ein har eit medvite tilhøve til målbruk», skriv laget i grunngjevinga. Prisen vart delt ut 3. juli.



TOKKE MÅLLAG PÅ FAMILIEDAG: Tokke mållag satsar på meir aktivitet i haust, og 22. august stod dei på stand under familiedagen på Vest-Telemark museum i Eidsborg (biletet over). Dei hadde kviss, høgtlesing og delte ut materiell. Dei har også fokus på dialektarbeid, og samla inn ord og uttrykk frå Vest-Telemark på eit «dialektteppe» der folk kunne skrive sine favoritt-dialektord og hengje opp.

VELLUKKA STORBYLAGSSAMLING: Torsdag 25. august tok **Nidaros Mållag** initiativ til ei digital samling for dei største bylaga. Grunnen er at det kan vera eigne utfordringar knytte til å driva med målsak i bokmålsprega byar. Tema var nynorskklassearbeid, dei gode bystyrevedtaka i Bergen og ymse anna. Dei frammette utveksla røynsler med arbeidet.

LEIAR I ÅS MÅLLAG AVLIDEN: Ås mållag sin mangeårige leiari, **Arne Oddvar Skjelvåg**, døydde i juni. Noregs Mållag takkar han for innsatsen for nynorsken og målrørsla. Nestleiar Bård Kolltveit vil fungera som leiari fram til komande årsmøte.



SKAL INNLEIE: Dag Skarstein og Inger Vederhus er blant innleiarane på Nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret i september.

Foto: privat

YNORSK INSPIRASJONSDAG I OSLO: Oslo mållag, Bærum Mållag, Noregs Lærarmållag og Fylkesmållaget Vikværingen inviterer til nynorsk inspirasjonsdag på Det Norske Teatret 8. september. Målgruppa er norsklærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule. På programmet i år står **Ellinor Bergli Bustad**, **Elise Takle** (tidlegare Tørring), **Dag Skarstein** og **Inger Vederhus**. Dagen er eit halvdagsseminar på Det Norske Teatret, som har Fossefestival same veka. Teateret er samarbeidspartner til tiltaket, og Utdanningsetaten i Oslo kommune står opp.

SØGNE MÅLLAG ER 100 ÅR: Søgne Mållag i Vest-Agder fyller 100 år, og laurdag 16. oktober kl. 17 er det jubileumsfest på Søgne Gamle Prestegard. Det vert føredrag av hovudfattaren av bygdeboka om Søgne, **Trond Bjerkås**. Jubilanten får øg helsing frå forfattar **Paal-Helge Haugen**, og det blir musikalsk innslag.

Noregs Mållag om framlegg til ny opplæringslov

– Ein siger for

– Kunnskapsminister Guri Melby styrkjer kåra for nynorskelevane, men regjeringa undervurderer bokmålskrafta i den digitale skulekvardagen, seier leiari i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.

SEINT I AUGUST kom regjeringa med framlegg til ny opplæringslov. Noregs Mållag har hatt store forventningar til lova på vegner av nynorskelevane, og leiari Peder Lofnes Hauge seier ho vart innfridd på fleire punkt.

Språkdelte ungdomsskule

– Rett til opplæring på eige språk ut heile grunnskulen er den største sigeren for nynorskelevane på nesten femti år. Språkblanda klassar, som vi har mykje av i dag, fører ofte til lite undervisning på nynorsk, og dermed er sjansen stor for at elevane byter til bokmål.

Hauge er likevel ikkje heilt nøgd med framlegget frå regjeringa. Dei siste åra har nynorskforeldre uroa seg over mangelen på digitale læremiddel og verktøy på nynorsk.

– Her syner regjeringa vilje og anerkjenner problema, men dei går ikkje heile vegen for at det skal vere like lett å vere nynorskelev som bokmålselev i skulen, seier Peder Lofnes Hauge.

Når regjeringa held på dagens formulering om digitale læremiddel, kjem mange av problema til å vere dei same. Nynorskelevane må få fleire læremiddel og læringsverktøy å velje mellom.

– Det er ein skandale at nynorskelevar i dag må lære seg å skrive i program som gjev dei raude strekar under ord dei skriv rett, seier Peder Lofnes Hauge.

– Det er derfor svært gledeleg at regjeringa vil gjere noko med mangelen på skriveprogram som støttar nynorsk. Når regjeringa likevel legg inn eit etterhald om at dette berre skal gjelde «så langt som råd», er det ikkje godt nok. Vi må våge å stille dei krava som trengst for at dei store

– Det er ein skandale at nynorskelevar i dag må lære seg å skrive i program som gjev dei raude strekar under ord dei skriv rett.

Peder Lofnes Hauge

multinasjonale selskapa skal levere eit produkt på nynorsk, seier Peder Lofnes Hauge.

På ei veke i august i år fekk Noregs Mållag 1200 nye medlemmer og har no det høgste medlemstalet sidan 1987. Det vitnar om at nynorsk saka er viktig for folk, meiner Hauge.

– Utvalet som føreslo ny opplæringslov, hadde fjerna retten til folkerøysting om opplæringsspråk. Når regjeringa no held på slike rådgjevande røystingar, er det svært gledeleg, og Noregs Mållag er heilt samd i argumenta om at dette vil kunne bidra til eit forsterka medvitet og ein viktig språkdebatt lokalt.



GANSKE NØGD: Peder Lofnes Hauge er nøgd med gjennomslaga i framlegget til ny opplæringslov, men saknar ei tydeleggjering av retten til digitale læremiddel på nynorsk.

Foto: Jannica Luoto

ingslov:

nynorskelevane



VERDT EI FEIRING: Språkdekt ungdomsskule har vore ei kampsak for målrørla i årevis. Her jublar frå venstre Frida Pernille Mikkelsen i Norsk Målungsdom og Erik Grov, Marit Aakre Tennø og Per Henning Arntsen frå Noregs Mållag på skrivarstova i Oslo.

Foto: Kjartan Helleve

NT MEDIA



INGER JOHANNE RUSET
leiar i Kringkastingsringen

Det går mot lysare tider

LENGE STANGA KAMPEN om større språkmangfold i media mot ei stengt dør. Ein vart møtt med argument om at det ikkje høyrrer heime i kommersielle kanalar, og at det var unaturleg med nynorsk i riksdekkande aviser. Men noko er i ferd med å endre seg.

I VÅR FEKK Karen Anna Kleppe lov til å skrive nynorsk i nyheitssaker på TV2.no. Vår eigen Anders Boine Verstad fekk lov til å bruke samisk i ordinære sportssendingar på NRK. Oda Elise Svelstad tok fatt på sommarjobben i VG med ei målsetting om å skrive flest mogleg saker på nynorsk.

EIN SKAL IKKJE mange år tilbake før alle hadde gjort seg verdige til all mogleg pris og heider. Det fortener dei sjølv sagt også ne, men så mange prisar finst dessverre ikkje. For dette er berre tre døme på ei utvikling vi har sett i fleire år.

FELLES FOR ALLE desse gjennombroa er at journalistane er unge. Dei kjem ofte rett frå utdanning, men har med seg eit mot til å be om å få nytte hjartespråket sitt. Dette motet har dei skaffa seg sjølv, men det er vel også grunn til å tru at utdanningsinstitusjonane gjer noko rett.

SAMTIDIG SEIER DETTE også noko om at medieverksemduene har utvikla seg. Tidlegare har det kome nynorskjournalistar fulle av mot inn i desse redaksjonane, utan at det har hatt same effekt. Det kan hende årsaka er eit generasjonsskifte på redaktørnivå, eller at journalistane i stor grad må by på seg sjølv. Då blir eit framand språk eit hinder.

FLEIRE AV DESSE unge pionerane har mått å broyre opp løypa sjølv. Det er sjølv sagt veldig stas at dei då blir møtte med eit «kvifor ikkje» i staden for «kvifor».

MEN DET ER klart at det kostar å stå på desse krava åleine. Derfor skulle eg ønske meg at medieverksemduene også får på plass eit meir strukturert mangfaldsarbeid som til dømes tekniske løysingar og korrekturhjelp. Mest av alt hadde det vore fint om medieverksemduene sjølv aktivt oppmoda journalistane til å bruke den språklege identiteten sin, såpass det ikkje berre er dei tøffaste i klassen som tør. Med den utviklinga vi har sett dei siste åra, så er ikkje det eit helt urealistisk ønske.

VÅR EIGEN ADVENTSKALENDER!

Gjer deg klar til advent med denne herlege kalenderen. Nytt lynlotteri kvar dag! Til saman er det 204 flotte vinstar med ein samla verdi på 82 740 kroner.

Ting kalenderen på heimesida eller send oss ein e-post. Du kan også kjøpa han på Vipps. Gå til «kjøp og betal»-funksjonen og skriv inn nummeret vårt 90540 eller søk opp Noregs Mållag. Hugs å skriva adressa di i meldingsfeltet, slik at vi kan få sendt deg kalenderen.



FINE VINSTAR! BERRE 100,-

Kva veit vi om språka våre?

Språkrådet leverer med jamne mellomrom ein rapport om korleis det står til med språka i Noreg. Rapporten, som blir kalla **Språkstatus**, skal gje både politikarar og byråkratar innspel til kva som bør gjerast. Språkstatus 2021 kom i vår og er den siste før den nye språklova trer i kraft. *Norsk Tidend* har invitert to språkforskarar og Noregs Mållag til å kommentere rapporten.



TIL POLITIKARANE: Språkdirektør Åse Wetås (t.h.) overleverte Språkstatus 2021 til statssekretær i Kulturdepartementet Emma Lind 18. juni.

Foto: Kulturdepartementet



Johan Myking Foto: Universitetet i Bergen

Det er til dømes påfallande når Justisdepartementet gjennom dei formelle sakhandsamingsrutinane ikkje greier å ordna det slik at lover kjem på nynorsk i eit slikt omfang som føresegnene i staten krev. Nynorsk har derfor framleis ein altfor liten plass i lover og forskrifter, og innsatsen har vore liten, slår rapporten fast.

Johan Myking, professor emeritus ved Universitetet i Bergen

Kommentar frå **Johan Myking**, professor emeritus i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen

RAPPORTEN ER FØRST og fremst laga som ein marsjordre til alle statsorgan om å ta ansvar for språket i sine sektorar, men syter òg for eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til språkorganisasjonane.

I føreordet skriv Språkrådet at Språkstatus 2021 kan sjåast som ei «nullpunktsmåling for statusen til dei språka som Noreg har eit særleg språkpolitisk ansvar for.» Dette «nullpunktet» er den nye språklova som Stortinget vedtok i mars i år. Både saksinhaldet og argumentasjonen i rapporten ligg tett opp til stortingsproposisjonen om språklova.

Med omgrepet «status» siktat ein til den posisjonen eit språk har i samfunnet, både juridisk og når det gjeld reell bruk og livsvilkår. Det handlar altså ikkje om korleis språket er bygd opp og ser ut. Språklova slår fast at målet er å sikra norsk som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg, og at ansvaret for å sikra nynorsken som det minst brukte norske skriftspråket skal varetakast særskilt.

Språklova slår vidare fast rettsvern og statleg ansvar for samiske språk som urfolksspråk og for norske minoritetsspråk for kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Eit særleg viktig drag ved Språkstatus 2021 er at tilstanden og utfordringane for norsk teiknspråk som nasjonalt minoritetsspråk får fyldig omtale, og mykje av dette stoffet vil truleg vera nytt for mange. Det ligg mykje politisk og sosiolinguistisk analyse til grunn for rapporten: «Norsk språk har opp gjennom tida vore ein trussel mot minoritetsspråka, bokmål har vore ein trussel mot nynorsk, og engelsk har vore ein trussel mot norsk», heiter det i rapporten. Og sluttatsen er lovande: «Statens haldninga har vist seg i at vern av språka har mangla i lovverket. Den nye språklova gjev lovnader om at staten no har andre haldningar.»

RAPPORTEN ER BYGD opp av ni kapittel. Seks av dei dekkjer det vi kan kalla ulike 'domene' eller samfunnsområde: «Skule og barnehage»,

«Høgare utdanning», «Arbeidsliv», «Stat og kommune», «Helse», «Medium og kultur». Eitt kapittel gjer greie for den nye juridiske statusen til dei språka som staten har ansvar for: «Språka i samfunnet». Eitt kapittel, «Språklege byggjeklossar», skildrar dei statlege satsingane, mellom anna på ordbøker og språkteknologi. Det siste kapittelet har tittelen «Noreg og verda» og gjer greie for dei internasjonale pliktene og samarbeidsformene som norsk språkpolitisk arbeid er ein del av.

DET NYNORSKE PERSPEKTIVET er tydeleg i alle dei ulike kapitla, men det er særleg tydeleg i kapitla om skule og barnehage og stat og kommune, dei samfunnsområda der nynorskbrukarane opplever utfordringane mest direkte. Her legg rapporten fram eit omfattande statistisk dokumentasjonsmateriale. Rapporten peikar mellom anna på viktige område der relevante undersøkingar og statistikk manglar. Det finst til dømes ingen påliteleg statistikk over korleis eller kor mykje barnehageborn vert eksponerte for nynorsk, og for barnehageborn finst det ingen rett til å velja skriftspråk. Det er òg kanskje overraskande for dei fleste å lesa at det «finst per i dag inga offisiell oversikt over i kva grad kommunar og fylkeskommunar har gjort vedtak om eige administrasjonsmål.»

Språkskifte frå nynorsk til bokmål på ulike steg i skuleverket er eit problem som har fått auka merksemd, det gjeld òg i denne rapporten. For grunnskulen viser materialet at prosentdelen nynorskelever går støtt og sakte nedover, frå 12,2 % i 2015–16 til 11,6 fem år seinare. Ulike fritaksordningar og mellom anna svake krav i friskulelova gjer at så mykje som 25,3 % av elevane i Oslo ikkje har skriftleg opplæring eller vurdering i sidemål. Rapporten peikar vidare på veikskapar i praktiseringa av skulemålsrøystingar. Medan lovutvalet som la fram framlegget til ny opplæringslov ville avskaffa retten til lokale skulemålsrøystingar, har Språkrådet åtvvara mot å svekka dei språkpolitiske omsyna som kommunane etter den noverande lova er pliktige til å ta.

EI SVÆRT VIKTIG negativ språkpolitisk drivkraft er den svake stoda for digitale læremiddel på

nynorsk. Rapporten peikar særstykke på at verken skuleeigarar eller læremiddelprodusentar prioriterer nynorskversjonar av digitale læremiddel høgt nok, og at dette svekkjer grunnlaget for nynorskoplæringa og fører til auka språkskifte. Rapporten peikar òg på at både kvaliteten og omfanget av språktekhnologi for nynorsk i offentleg sektor meir allment er svakare enn for bokmål, og at det er «avgjerrande for statusen til dei mindre brukta språka i Noreg at dei får betre vilkår når utdanninga skal digitaliserast». Rapporten stiller tydelege krav: «Ikkje minst må skulestyremaktene og skuleeigarane få tydeleg signal om at dei ikkje kan investere i læringstekhnologi (læringsressursar, kontorstøtteprogram osb.) som ikkje gjev eit språkleg likeverdig tilbod til nynorsk- og bokmålselevar.»

RAPPORTEN HEVAR ALTSÅ ein peikefinger mot Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Ein kan nesten seia at den grunnleggjande språkpolitiske ansvarsfordelinga i staten fungerer slik: Kulturdepartementet skildrar problema og utviklar dei «gode» haldningane, men dei tunge departementa «eig» ansvaret for å finna løysingane. Det som gjeld utdanningssektoren, gjeld òg i dei andre sektorane. Det er til dømes påfallande når Justisdepartementet gjennom dei formelle sakhandsamingsrutinane ikkje greier å ordna det slik at lover kjem på nynorsk i eit slikt omfang som føresegnene i staten krev. Nynorsk har derfor framleis ein altfor liten plass i lover og forskrifter, og innsatsen har vore liten, slår rapporten fast.

Språkstatus 2021 byggjer på eit omfattande kjeldemateriale, både offentleg statistikk og annan dokumentasjon, forskningsrapportar og faglitterært materiale. Det er gjort ein særsvendfull jobb med å samanfatta dette materialet slik at hovudtendensane kjem tydeleg fram i ei oversynleg form. Rapporten er først og fremst laga som ein marsjordre til alle statsorgan om å ta ansvar for språket i sine sektorar, men syter òg for eit oppdatert kunnskapsgrunnlag til språkorganisasjonane. Påtrykk frå samfunnet må nok til dersom staten skal nå dei språkpolitiske måla sine.

JOHAN MYKING



Tove Bull

Foto: Maja Sojtaric / UiT

Elefanten i rommet heiter sanksjonar. Det finst ikkje sanksjonar mot dei som medvete eller umedvete bryt dei lovpålagde språkkrava, eller er ute av stand til å følgje dei p.g.a. mangel på kompetanse. Språkrådet har ønskt at det skulle opnast for sanksjonering mot institusjonar som bryt lovpålagde krav, men staten har ikkje ønskt det.

Tove Bull, professor emeritus i nordisk språkvitskap ved UiT Noregs arktiske universitet

Kommentar frå **Tove Bull**, professor emeritus i nordisk språkvitskap ved UiT Noregs arktiske universitet.

RAPPORTEN LEGG VKT på at lova gir lovnaðar om at staten har endra haldningane sine til vern av språk i Norge. Det kan ein alltid håpe på. Men di meir eg les utover i rapporten, di meir tvilar eg. For statusen til nynorsk (og dei andre minoritetsspråka) er ikkje god.

Tidspunktet for Språkstatus 2021 høver godt, for i mars blei den første heilskaplege norske språklova vedtatt av Stortinget. Målet er å gi dei aktuelle språka sterkare vern, og lova skal gjelde på tvers av politikkområde og samfunnsstrukturar. I rapporten blir det slått fast at han kan sjåast som ei nullpunktymåling for statusen til dei språka som staten har «eit særleg språkpolitisk ansvar for»; «nullpunktymåling» fordi vi no – endeleg – har ei språklov som forpliktar alle som har ansvar for å følgje opp den fastsette språkpolitikken. Dei aktuelle språka er først og fremst dei tradisjonelle språka i Norge (dei norske språka nynorsk og bokmål, dei samiske urfolksspråka, dei nasjonale minoritetsspråka (kvensk, romani og romanes) og norsk teiknspråk). I tillegg kjem nyare minoritetsspråk som staten tar eit mykje mindre ansvar for. Denne meldinga konsentrerer seg om statusen for nynorsk. I prinsippet er bokmål-nynorsk-problematikken relevant i heile rapporten, men ikkje like mykje i alle kapitla.

RAPPORTEN ER INNHALDSRIK og omfattande, og svært velskriven, som seg hør og bør når Språkrådet skriv. Første kapittelet slår an ein optimistisk tone: Språklova gir alle dei tradisjonelle språka i Norge eit vern som dei ikkje har hatt før, og det fleirspråkelge norske samfunnet blir endeleg anerkjent av lovverket. At vi omsider har fått ei språklov, er det sjølv sagt grunn til å feire.

DEN OPTIMISTISKE TONEN i starten blir langt på veg gjort til skamme gjennom dei altfor mange døma på at nynorsken trass i formell jamstilling slit i motbakke. Eg

har derfor vondt for å tru at lovstatus i seg sjølv gir grunn til optimisme. I samfunnet generelt, i stat og kommune, i barnehage og skole og i ulike slag medium ser vi det same: Nynorsk er ikkje likestilt med bokmål. Her nemner eg berre eitt av dei mange døma i rapporten. Det handlar om situasjonen for elevar med nynorsk som hovudmål, men er representativt ikkje berre for skoleverket, men for nynorsken i samfunnet generelt:

Forsking viser at mange lærarar har for dårlig kompetanse i nynorsk. Det er grunn til å meine at manglande lærarkompetanse og negative haldningar til nynorsk er medverkande årsaker til at fleire elevar, særleg i vidaregåande skule, vil bytte opplæringsmål frå nynorsk til bokmål. Fleire teknologiske løysingar som er i bruk i undervisninga, er ikkje tilgjengelege på nynorsk. Det hindrar god opplæring i nynorsk for alle elevar, men mest for elevar med nynorsk som hovedmål. (s. 25).

SITATET ER REPRESENTATIVT ved at det slår fast at det manglar kompetanse i nynorsk, det gjeld altså ikkje berre i skolen, men på mange andre felt. Til liks med at mange utdanna lærarar, som trass i å vere sertifiserte som lærarar, ikkje er kvalifiserte til å undervise i nynorsk, finst det talrike døme på at tilsette i offentleg forvaltning som skal kunne uttrykke seg skriftleg både på bokmål og nynorsk, faktisk ikkje kan skrive nynorsk. Det same gjeld journalistar i ulike medium. Kort sagt: Mange av dei som skal kunne nynorsk, kan det ikkje. Kvifor så mange barnehagelærarar, lærarar, lektorar, stats- og kommunetilsette administratorar og byråkratar, journalistar og kommunikasjons- og informasjonsansvarlege vel å neglisjere det sjølvsgagte kravet om at stillingane deira føreset meistring av begge dei norske skriftmåla, kan vi kanskje ikkje vite for visst. At det kjem av negative haldningar til nynorsken, som rapporten antyder, trur eg er ei forklaring.

SITATET OVNFOR FORTEL oss ingenting nytt. Dette er gammalt nytt. Likevel er det sjokkerande. Gjennom heile rapporten finst ei rekke tilsvarende døme på gammalt nytt som iallfall burde sjokkere. Bokmål og nynorsk har vore jamstalte språk i Norge sidan 1885, altså i 136 år. Formelt jamstalte, burde vi kanskje føye til. For realitetane er annleis enn formalitetane, som døme etter døme i rapporten viser. Korleis har vi hamna der, og kvifor finn vi oss i det? Eg har ikkje anna svar enn at vi har vant oss til det. Vi er og blir vane med det, og det har vi vore altfor lenge. Og med det er det blitt noko vi nærmast tar for gitt.

Det er likevel uakseptabelt at vi år etter år aksepterer at ei rekke menneske ikkje har fått dei kvalifikasjonane som dei stillingane dei sit i, krev av dei? Dette kan jamvel vere krav som er lovpålagde. Finst det tilsvarende døme på lovbroten på andre samfunnsområde som blir aksepterte og sett gjennom fingrane med? Svart arbeid? Nei, når det blir oppdagat av styresmaktene, blir det slått ned på. Og her er vi inne på noko. Elefanten i rommet heiter sanksjonar. Det finst ikkje sanksjonar mot dei som medvete eller umedvete bryt dei lovpålagde språkkrava, eller er ute av stand til å følgje dei p.g.a. mangel på kompetanse. Språkrådet har ønskt at det skulle opnast for sanksjonering mot institusjonar som bryt lovpålagde krav, men staten har ikkje ønskt det. Er det nokon som trur at t.d. høgare utdanningsinstitusjonar som ikkje innfriar kravet om 25 % nynorsk, ikkje ville ha gjort det dei kunne for å nå målet, om dei hadde måttå betale ein klekkeleg sum som bot? Og er det nokon som trur at dei vil anstreng seg for å nå 25 % om det einaste som skjer er at dei får kritikk frå Språkrådet, og at staten med det signaliserer at det eigentleg ikkje spelar noko rolle. Økonomiske sanksjonar finst og er effektive på mange andre samfunnsområde, m.a. i helsevesenet. Så når styresmaktene ikkje vil sanksjonere brot på språklova, kan det ikkje bety noko anna enn at dei ikkje ser på språk, i dette tilfellet, norsk språk, som viktig nok.

TOVE BULL



– Litt for ufullstendig

– Språkstatus 2021 gjev ei litt for ufullstendig skildring av stoda for den norske språkjamstillinga, skriv leiar i Noregs Mållag **Peder Lofnes Hauge**.

EIN VERT DEFINITIVT klokare av å lese Språkstatus 2021, for det er ein rik og god dokumentasjon av språkstoda i Noreg på svært mange felt. Sett frå eit nynorskperspektiv er det òg mykje nyttig å finne i rapporten.

Men etter Noregs Mållag sitt syn innehold rapporten likevel nokre manglar. Når rapporten tek mål av seg å vere grunnlaget for politiske vedtak for ein betre språkpolitikk framover, treng politikarane både oppdatert kunnskap, gode analysar og framlegg til konkrete handlingar. På nokre av dei viktigaste felta for den norske språkjamstillinga manglar diverre dette, og rapporten spring for lett forbi nokre av felta der skoen trykkjer mest. Vi vil trekke fram nokre av felta der vi meiner rapporten kunne vore fyldigare.

Skule og barnehage

Opplæringsfeltet er kanskje det aller viktigaste for jamstillinga mellom bokmål og nynorsk – det er i skulen nye nynorskbrukarar blir til. Nettopp difor skulle vi særleg på dette feltet ønskt oss meir av Språkstatus 2021.

Somme område av opplæringa er grundig skildra, slik som utfordringane som gjeld digitale læremiddel og nynorsk i lærarutdanninga. Det er bra og viktig. Men på andre sentrale felt skrapar rapporten diverre i overflata, og han vitnar til tider tilmed om ei manglande forståing for feltet.

Om situasjonen for nynorsk i barnehagen står det til dømes: Skulane rapporterer til sentrale styresmakter om kva hovudmål barna har, men barnehagane blir ikkje bedne om det same. Dermed finst det ingen offisiell statistikk som gjev oversikt over kva skriftspråk som blir bruka i barnehagen.

Her bommar Språkrådet. Det lét seg ikkje gjere å lage statistikk når barnehagane ikkje har eit vedteke språk, slik skulane har. Born i barnehagen har ikkje eit hovudmål og heller ingen språklege rettar.

Resten av omtalen ber diverre òg preg av ei i overkant lett hand i behandlinga av feltet. Språkrådet skriv heilt korrekt at det ikkje står noko om nynorsk i rammeplanen i barnehagane. Men kva konsekvensar det får, og kva tiltak som må til for å gjere situasjonen betre, kunne det vore nyttig å vite meir om på eit kritisk felt av opplæringa.

Også på skulefeltet er rapporten til tider tynnare enn ønskjeleg. Noregs Mållag meiner det er kritikkverdig at det langt på veg blir sett forbi kommunen si makt som ansvarleg for opplæringa. Rapporten bruker ganske mykje tid på skulemålsrøytingar og resultata av dei dei siste åra. Men kvifor talet på nynorskbrukarar kan tenkja å gå ned, slik statistikken frå Grunnskolenes infor-



OPPLÆRINGA: Leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge meiner særleg skule og barnehage-feltet skulle ha fyldigare behandling i Språkstatus 2021.

Foto: Jannica Luoto

masjonssystem (GSI) viser, blir ikkje omtala. Her hadde det vore nok informasjon å ta av, til dømes er det dokumentert at faktorar som demografi spelar inn. I dette bladet er det til dømes òg dokumentert ganske mykje kritikkverdig opplæring i kommunane gjennom fleire nummer, som at ein del kommunar blandar bokmåls- og nynorskbrukarar i same klassen, at kommunar i randsonene gjev nokre elevar bokmålsundervisning gjennom kommunale vedtak, og at det finst kommunar som langt på veg praktiserer bokmål som administrasjonsspråk på nynorskskular. Korkje noko av dette eller andre aspekt ved kommunen si makt som skuleeigar er nemnt i Språkstatus, og mangel på oppdatert fakta svekkjer diverre rapporten som kunnskapsgrunnlag for tiltak i skulen.

Kommunane og fylkeskommunane

Makta til kommunen kan heller ikkje undervurderast utanfor opplæringsfeltet. I føremålparsagrafen til den nye språklova ligg det formuleringar som bør få konsekvensar for kommunal språkpolitikk. Det er mykje potensial for god språkpolitikk når kommunane skal forvalte «eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst brukta norske skriftspråket».

Her skulle vi også ønskt oss litt meir av Språkstatus 2021. Det er synd at statusrapporten ikkje går inn i problematikk som gjeld kommunane og det kommunale språket. Rapporten omtalar dei kommunale målvedtaka, men ikkje den faktiske nynorskbruken i kommunane og korleis vedtak om administrasjonsspråk vert handsama i praksis, og kva det tyder for statusen og bruken av nynorsk.

Kommunesamslåingar har dei siste åra vore eit stort tema også språkpolitisk. Språkrådet har sjølv engasjert seg i dei språklege utfordringane ved å slå saman kommunar med ulikt språk. Dette er eit tema vi kunne ønskt oss ei fyldigare omtale

av i Språkstatus. Språkrådet skriv at av alle samanslåtte kommunar, «var det 24 nynorskommunar som gjekk saman med andre og inn i større kommunar». Men dette talet seier oss ingen ting om den nye stoda for det kommunale språket. Det kunne også vore nyttig å vite kor mange kommunar med nynorsk målvedtak som gjekk inn i kommunar med anna administrasjonsspråk eller tenestemål, og korleis det går med målbruken i desse kommunane.

Heldigvis ser Språkrådet sjølv mangelen på kunnskap og skriv: Etter kommunesamslåingane og det utvida fylkeskommunale ansvaret som ligg i reglane i språklova, trengst det ei ny kartlegging av bruken av nynorsk i kommunesekturen. Det er heilt rett at vi treng meir kunnskap om språket i kommunen, men vi kunne ønskt oss litt meir også til denne rapporten.

Litt av dei same manglane ser vi i omtalen av fylkeskommunane. Med den nye språklova får dei nye plikter. Dei språknøytrale fylka skal veksle mellom bokmål og nynorsk og vende seg til kommunane på det språket kommunane har gjort målvedtak om. I nokre fylke med nynorsk-kommunar vil dette, om det vert overhalde, auke nynorskbruken.

Diverre er det lite å finne i rapporten om målbruk i fylkeskommunane. Språkrådet skriv: «Det finst per i dag inga offisiell oversikt over i kva grad kommunar og fylkeskommunar har gjort vedtak om eige administrasjonsspråk.» Men språklege vedtak er lett tilgjengelege hjå dei ulike fylka. Det er synd at rapporten ikkje er innom desse vedtaka og dei mange debattane det har vore om administrasjonsspråk i dei nye fylkeskommunane. I ein statusrapport om stoda for språka våre kunne det til dømes vore interessant å syne kor ulike vedtaka er, og korleis dei regulerer språkbruken i fylkeskommunen.

Teknologi

Rapporten inneheld ein ganske fyldig omtale av språkteknologi, særleg om grunnlagsressursar for utvikling av språkteknologiske tenester. Her har problemstillinga om at nynorsk er det mest sårbar av dei norske skriftspråka, fått mykje omtale. Det er bra. Noko rapporten derimot er tynn i omtalen av, er søkjemotorane si rolle som hinder for den språklege jamstillinga. Problemstillinga om søkjemotorar er så vidt nemnt under offentleg målbruk og språk i det offentlege. Det er rart at denne problemstillinga ikkje har fått ei fyldigare og meir generell behandling. Nær sagt alle verksamheter som marknadsfører seg på nynorsk, opplever at dei må ha heimeside på bokmål for å greie å konkurrere på nett. Dette er eit stort og djuptgripande problem som per i dag ikkje har noka openberr nasjonal løsing, og dette er ei utfordring politikarane burde fått tydelegare presentert i rapporten.

Ein jamleg statusrapport frå Språkrådet kjem til å bli viktig i åra som kjem. Vi ser fram til fleire rapportar, vonleg då med ein litt fyldigare omtale på sentrale felt for jamstillinga mellom bokmål og nynorsk.

PEDER LOFNES HAUGE

Fyrebilsbibelen 100 år:

Utolmodige ungdommar gav oss Bibelen på norsk

I år er det 100 år sidan det nokre vil rekna som **den fyrste bibelen på norsk**, vart tatt i bruk her i landet.

I 1921 VART den fyrste bibelomsetjinga på nynorsk publisert.

– Det var ei viktig hending både kyrkjhistorisk, språkhistorisk og kulturhistorisk, seier professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Innlandet, Anders Aschim.

Bibelomsetjinga vart brukt for første gong i ei jubileumsgudsteneste for Noregs Ungdomslag i Nidarosdomen den 10. juli 1921 og kom i sal fem dagar seinare.

– Riksmålsutgåva som Bibelselskapet hadde gitt ut i 1904, var såpass nært opp til dansk at vi med ein viss rett kan kalla denne nynorskutgåva for den fyrste bibelen på norsk, seier Aschim om Fyrebilsbibelen, som utgåva vert kalla.

Førebeles

Utgåva, på det som den gong vart kalla landsmål, fekk tilnamnet Fyrebilsbibelen fordi omsetjinga var meint å vere førebels. Ho fekk

likevel eit langt liv med eit opplag på 100 000 eksemplar og har vore viktig for mange forfattarar lenge etter at det kom nyare omsetjingar til nynorsk.

– Den har hatt ein betydeleg innverknad, både kyrkjhistorisk, språkhistorisk og kulturhistorisk, seier Aschim, som saman med professor Per Halse ved Høgskulen i Volda har skrive «Den fyrste bibelen paa norsk» – Historia om Fyrebilsbibelen.

Utolmodige studentar

Ein av dei spesielle tinga med Fyrebilsbibelen er at han vart utgitt av Studentmållaget i Oslo som etablerte ei bibelnemnd i 1916 med tanke på å få gitt ut ei nynorsk utgåve av Bibelen.

Aschim trur årsaka til at studentane tok omsetjinga i eigne hender, var at dei var utolmodige og tykte forlaga brukte for lang tid på å få ferdig ei heil omsetjing.

– I nokre kretsar i Bibelselskapet var det ein skepsis til landsmål, og Bibelselskapet gjorde i utgangspunktet lite for å få Bibelen omsett til nynorsk. Bibelselskapet hadde òg jobba veldig mykje med å få ferdig den fyrste riksmålsutgåva i 1904. Det kravde så mykje at Bibelselskapet ikkje torde å ta på seg å gje ut heile Bibelen på landsmål då, fortel professoren.

Delar omsett frå før

Ein god del av Bibelen var omsett allereie. Det nye testamentet (NT) vart omsett til landsmål i regi av Det Norske Samlaget i løpet av 1880-talet. Dei hadde fått ei eiga løvning over statsbudsjettet. I 1899 gav Bibelselskapet ut ei utgåve av NT på nynorsk og Salmane nokre år seinare.

– Det vart sett på som ei viktig nasjonal oppgåve å få omsett bibel-



STOR NYHEIT: Omsetjinga av Bibelen til nynorsk var ei viktig hending i samtida

Faksimile frå Gula Tidend 15. juli 1921.

tekstar til nynorsk, og Samlaget heldt fram å få pengar over statsbudsjettet for å få omsett Det gamle testamentet (GT), men det gjekk ganske treigt. Altfor treigt, meinte

dette studentane, fortel Aschim.

Den største bidragsytaren til Fyrebilsbibelen var Alexander Seippel, som var professor i semittiske språk.



ENKELT SPRÅK: «Eg sette meg fyre at eg inkje vilde skrive ei setning som eg inkje visste eller trudde at ein norsk bonde kunde segja», har den fremste bidragsytaren Alexander Seippel (1851–1938) sagt om omsetningsarbeidet.

Foto: L. Sczacinski / Oslo Museum

– Han starta frå byrjinga og omsette Mosebøkene. Han gjorde det veldig godt, men det gjekk heller ikkje fort. I utgangspunktet ynskte studentane i 1916 å ha ei nynorsk

omsetjing klar til reformasjonsjubileet i 1917, fortel Aschim.

Derfor vart det bestemt at dei skulle prøva å få til ei førebels utgåve utan ei fullstendig omsetjing frå grunnspråka med all vitskapeleg sikring som det inneber.

Strategi

– Strategien var å bruka dei skriftene som allereie var omsette. Det nye testamentet pluss åtte bøker frå det gamle, og setja resten ut på dugnad. Fleire av omsetjarane hadde derfor ikkje kjennskap til hebraisk, men støtta seg først og fremst på andre moderne omsetjingar frå Island, Sverige og Danmark, fortel professoren.

Men å bli ferdige til 1917 viste seg likevel å vera umogeleg.

– Alle som har jobba med biletomsetjing, veit at det ikkje lèt seg gjera å laga ein fullstendig Bibel på berre eitt år, seier Aschim som sjølv var involvert i Bibelselskapet si 2011-omsetjing i mange år.

«Ikkje fullkomri, men godt brukande»

Aschim er likevel imponert over at studentmållaget klarte å få gjenomført prosjektet på fem år, trass

i både praktiske og økonomiske vanskar.

– Resultatet vart ganske bra, sjølv om det er noko sprikande og ikkje heilt einskapleg. Biskopen i Bergen, Peter Hognestad, som gjekk gjennom alle manuskripta under arbeidet, sa: «Fullkomi er ikkje denne utgåva, men ho er godt brukande». Hognestad var sjølv fagmann og hadde vore lærar i GT ved Menighetsfakultetet, fortel professoren.

Inspirert

Aschim fortel òg at det er vanskeleg å få tak i eksemplar av Fyrebilbibelen i dag, og at han sjølv ikkje har klart å skaffa seg eit.

– Det er fleire forfattarar som har vorte inspirerte av Fyrebilbibelen. Lyrikaren Olav H. Hauge var veldig opptatt av denne utgåva – spesielt omsetjingane til Alexander Seippel. Ein nolevande forfattar som òg har vore opptatt av Fyrebilbibelen, er Paal-Helge Haugen. Han har gitt ut ei heil diktsamling med utgangspunkt i tekstar frå den.

Fleire markeringar

100-årsjubileet til Fyrebilbibelen vert markert på fleire ulike stader i

KJEM MED BOK: Professor i religion, livssyn og etikk ved Høgskolen i Innlandet, Anders Aschim (t.h.), skriv saman med professor i KRLE ved Høgskulen i Volda, Per Halse, ei bok om Fyrebilbibelen. Boka kjem ut i haust.

Foto: Høgskulen i Volda

år. Det har allereie vore markeringar under Dei nynorske festspela (10.–13.juni) mellom anna med temautstilling, panelsamtale, festgudsteneste og fagdag.

Hovudmarkeringa skjedde i Nidarosdomen helga 24.–25. juli. Nynorsk kultursentrum, Nidaros domkyrkjes kyrkjelyd, Litteraturhuset i Trondheim, Bibelselskapet og Nidaros Mållag inviterte då til orgelmeditasjon og høgmesse i Nidaros domkyrkje, i tillegg til kyrkjekaffi i Vår Frue kyrkje med samtale om Fyrebilbibelen.

Boka «Den fyrste bibelen paa norsk» – Historia om Fyrebilbibelen av Anders Aschim og Per Halse kjem etter planen ut i løpet av september.

INGUNN MARIE RUUD
Kristelig Pressekontor

Nynorsktest på jobbintervju

Statsforvaltaren i Vestland testar både nynorskkjennskap og allmenne skrivekunnskapar på jobbintervjuet.

– Vi har gode erfaringar med det, seier fungerande statsforvaltar **Gunnar Hæreid**.

I 2008 TOK dåverande fylkesmannen i Sogn og Fjordane til å teste skrivedugleiken til jobbsøkjarar på intervjuet. Ofte innebar prøva å gjere om ein vanskeleg tilgjengeleg tekst til ei nettsak. Ordninga har vore så vellukka at ho har halde fram, også då embetet vart slege saman med Hordaland. Skriveprøva gjer det enklare å tilsetje dei rette kandidatane, fortel fungerande statsforvaltar Gunnar Hæreid.

– Vi har skriveprøve som ein del av jobbintervjuet på alle saksbehandlarstillingar. Då får kandidatane i oppgåve å skrive om og forenkle ein tekst. Som regel får dei ein tekst på bokmål som skal skrivast om til nynorsk, slik at vi testar både nynorskkunnskapane, dei generelle skriveevnene og evna til å trekke ut det viktigaste i teksten. Vi plar til dømes leggje inn nokre «feller» i form av byråkratspråk.

Statsforvaltaren i Vestland har nær 300 stillingar, og langt dei fleste må gjennom prøva. Men ho er som regel ikkje utslagsgjevande for om kandidatane får jobben, seier Hæreid.

– Det er éin av fleire faktorar vi ser på, og i kva grad og korleis skriveprøva blir vektlagt, vil nok òg variere litt frå leiar til leiar. Men med ein svært dårleg test er det klart det blir vanskeleg å nå opp. Eg har vore med på å forkaste søkerar berre på grunnlag av dårleg språk i stiltingssøknaden.



EIN FAKTOR: *Skriveprøva er ein av fleire faktorar vi ser på i ein tilsettjingsprosess, seier fungerande statsforvaltar i Vestland Gunnar Hæreid.*

Foto: Bjørn Sølsnæs

Med eitt av hovudseta i Bergen rekrutterer statsforvaltaren i Vestland i område der mange har bokmålsbakgrunn. Hæreid meiner likevel dei får tak i kompetente nynorskbrukarar.

– Sjølv om ikkje alle er like stodige i byrjinga, går det som regel betre etter kvart, for vi har jamlege kurs og meir uformell opplæring av dei tilsette gjennom kvalitetssikring av brev. Vi har fleire tilsette som av ulike grunnar aldri har hatt nynorskoplæring, og dei greier òg å lære seg ganske bra nynorsk. Eg kan sjølv sagt ikkje seie at vi aldri skriv feil, men det er uansett to som skriv under breva våre, så dei verste får vi luka ut.

Statsforvaltaren i Vestland har eit tolleg medvite forhold til språk, seier Gunnar Hæreid.

– Vi har éi og ei halv stilting til kommunikasjonsarbeid, og dei bruker mykje av tida si på språkarbeid. Så utan at eg veit kva embeta i dei andre fylka gjer, vil eg seie at vi jobbar ganske bra med språk, sjølv om vi sjølv sagt aldri kjem heilt i mål.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Vi jobbar ganske bra med språk, sjølv om vi sjølv sagt aldri kjem heilt i mål.

*Gunnar Hæreid,
fungerande statsforvaltar i Vestland*

IKKE NYNORSKOPPLÆRING: Høgskolen i Østfold, her ved avdelinga i Halden, er blant institusjonane som opplyser om at det ikkje blir nynorskopplæring for studentane på GLU 5–10 neste år. Foto: Glenn Thomas Nilsen / Indre24.no

– Det må bli sterkare offentleg styring av **nynorskoplæringa** til lærarstudentane, meiner fleire tilsette på lærarutdanningane i ei fersk masteroppgåve. Oppgåva avslører dårlege haldningar til nynorskoplæring på fleire av institusjonane.

– Styresma
for å betre

I NORSKTIDEND 4/2020 kom det fram at ikkje alle lærarstudentar får opplæring i både bokmål og nynorsk, trass at lovverket krev det. Dette gjeld studentar på grunnskulelærarutdanning (GLU) 5.–10. som ikkje har valt fordjuping i norsk, ved nærlaparten av alle høgskular og universitet som utdanner lærarar.

Alle lærestadene lova bot og betring, og Norsk Tidend har no teke ein spørjerunde for å finne ut korleis det går med arbeidet. Sjølv om fleire av institusjonane seier dei har byrja å jobbe med sakar, kjem lovbrotet til å halde fram for mange studentar det komande studieåret.

Dette er stoda for nynorskundervisning på dei aktuelle lærarutdanningane dette studieåret:

Høgskulen på Vestlandet: Med unntak av ein test for studentar på femte studieår blir det ikkje undervisning eller vurdering i nynorsk dette studieåret, opplyser assiste-rande instituttleiar Morten Rønning. Dette gjeld studiestadene Bergen og

Stord, i Sogndal er det undervisning i nynorsk.

Høgskolen i Østfold: Det blir ikkje nynorskundervisning dette studieåret, opplyser dekan ved avdeling for lærarutdanning Kjersti Berggraf Jacobsen.

Nord universitet: Det blir eit opplegg med nynorskundervisning, opplyser faggruppelærar ved lærarutdanninga Morten Einar Edvardsen. Han seier detaljane ikkje er klare, men at opplegget er obligatorisk og at kompetansen til studentane blir vurdert.

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU): Det blir testa ut nynorskundervisning, opplyser studieprogramleiar Anne Berit Lyngstad. Ho seier opplegget framleis kjem til å vere eit pilotprosjekt på utprøvingsstadiet, og at det ikkje vil inngå i studieplanane eller gje studiepoeng. Lyngstad vil difor ikkje seie noko meir om omfang og vurderingsmåte enn at det er lagt



Aktene må gripe inn nynorskopplæringa



MASTER: Ida Marie Jegteberg leverte masteroppgåva si i nordisk språk i vår, om sikring av nynorskkompetansen til studentane på GLU 5–10.

Foto: privat

opp til «opplæring i og vurdering av ulike aspekt ved nynorsk.»

Universitetet i Sør aust-Noreg: Det blir ikkje nynorskopplæring dette studieåret, opplyser programleiinga.

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet: Det både har vore og er eit opplegg for nynorskopplæring, med arbeidskrav, på andre studieår, opplyser studieprogramleiari Kristin Isaksen. Opplysningane som har blitt gjeve om at studiestaden ikkje gjev nynorskopplæring, er såleis ikkje rette. Men opplæringa kan bli betre, og dette blir det jobba vidare med, seier Isaksen.

– Sterkare styring

Ida Marie Jegteberg har nyleg levert ei masteroppgåve ved Høgskulen på Vestlandet om nynorskopplæring på GLU 5–10, der ho mellom anna har intervjuat representantar ved fleire av lærarutdanningane. Manglande leiaroppfølging er ein nøkkel til kvifor det ikkje skjer endringar, meiner Jegteberg.

– Dei gjennomgåande utfordringane eg fann i studien, er både kven som skal ha ansvaret for å gjennomføre vurderinga og opplæringa når det ikkje er norskfaget, men også at leiingane fråskriv seg ansvaret for dette. Det er svært personavhengig kva som blir gjort, og det kan endre seg frå år til år ut frå kven som underviser i dei ulike faga.

Jegteberg seier òg at fleire av informantane hennar har fortalt om därlege haldningar til nynorsk blant sentrale tilsette på lærarutdanningane, og fleire har etterlyst sterkeare offentleg styring av kravet til nynorskopplæring.

– Det trengst klårare retningslinjer frå styresmaktene slik at praksisane på dei ulike utanningsinstitusjonane blir meir like og ikkje avhengig av einskilde fagpersonar. Det trengst også ei haldningsendring blant dei tilsette for at opplæringa i nynorsk skal bli betre for studentane.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Det trengst ei haldningsendring blant dei tilsette for at opplæringa i nynorsk skal bli betre for studentane.

Ida Marie Jegteberg

Sogn og Fjordane sin fremste politikar gjev seg i rikspolitikken. Blant slaga **Liv Signe Navarsete** verkeleg hugsar, er kampen mot nedprioriteringa av sidemålet i regjeringa i 2012.

Eit språkpolitisk basketak

ETTER 16 ÅR på Stortinget takkar Liv Signe Navarsete for seg. 62-åringen frå Sogndal har sete på Stortinget som fast representant for Sogn og Fjordane sidan 2005, men denne gongen tek ho ikkje attval.

Som stortingsrepresentant, og ikkje minst som partileiar og medlem i Jens Stoltenberg si andre regjering, har åra i toppolitikken gjeve stort rom for å påverke. Sjølv om Navarsete aldri har hatt kulturpolitikk som spesialfelt, er det liten tvil om at ho har teke nokre kampar for nynorsken oppigjenom.

Språk og identitet

– Eg har alltid vore oppteken av tilhøvet mellom språk og identitet, og slik sett har både dialekt og nynorsk vore viktige kampsaker. Det tok til allereie på gymnasiet i Sogndal, då eg var engasjert i retten til at nynorske lærebøker skulle kome på same tid som bokmålsbøkene. Det var ei svært aktuell sak då som no.

Liv Signe Navarsete melde seg inn i Senterpartiet i 1986 og har hatt både større og mindre verv. I partiet har det målpolitiske arbeidet handla om å passe på at nynorsken ikkje blir gløymt, seier ho.

– Det er ikkje store ideologiske nynorskkampar i Senterpartiet, men nokon blir det jo alltid å ta tak i. Det handlar kanskje meir om ei vaktarrolle, både i programarbeid og i meir administrative saker, som at sentrale dokument skal kome på både bokmål og nynorsk. I partiet er me jo fleire som tek dette ansvaret, til dømes har eg med meg Kjersti Toppe i Hordaland, Marit Knutsdatter Strand i Valdres og Jenny Klinge i Møre og Romsdal, så no er me ein heil liten flokk. Det er veldig bra, for eg tykkjer det er veldig viktig at me held jamstillinga i hevd også internt i partikommunikasjonen.

Som politikar på fylkesnivå opplevde ho arbeidet for nynorsken



POLITISK USEMJE: Liv Signe Navarsete legg ikkje skjul på at ho kjempa hardt for å stoppe framleggjet frå regjeringskollega Kristin Halvorsen om å nedprioritere sidemålet.

Foto: Stein J. Bjørge

som temmeleg uproblematisk.

– Nynorsken er rimeleg sjølv sagt i Sogn og Fjordane. Sjølv om vi kunne vere usamde om einskild-spørsmål, var det ikkje snakk om nokon kamp i den forstand. Så det var fyrst då eg byrja i rikspolitikken, at eg verkeleg kom borti den slags.

– Eg var rysta

Som rikspolitikar har Navarsete fått god bruk for det velkjende temperamentet sitt i kampen for den språk-

lege jamstillinga. Og det er særleg ei sak som stikk seg ut, frå tida ho sat i regjering. Navarsete er ikkje nādig i skildringa sitt av framleggjet frå dåverande kunnskapsminister Kristin Halvorsen (SV) i 2011 om å gjere store endringar i norskfaget i vidaregåande skule.

– Eg var rysta.

Endringane galtdt sidemålet si stilling, og meldinga om dei planlagde endringane fekk regjeringskollegene over ein regjeringslunsj.

– Kristin hadde blitt overtydd om at ei nedprioritering av sidemålet er det beste for norskkunnskapane til elevane. Det er eg ikkje samd i.

Liv Signe Navarsete

Det er eit forum der statsrådane har høve til å lufte saker dei reknar med er temmeleg ukontroversielle, til skilnad frå dei meir formelle regjulingskonferansane.

– Under ein slik lunsj kom Kristin Halvorsen og sa at ho ville gjere endringar som innebar å svekkje sidemålet si stilling, mellom anna gjennom å gå bort frå eigen karakter og eigen eksamen.

Navarsete seier lunsjen fekk ein temmeleg høg temperatur etterkvart.

– Eg måtte spørje om att, om eg verkeleg høyrd rett. Framleggjet gjekk rett og slett veldig langt, og eg opplevde det som eit hardt åatak på nynorsken. Eg tykte òg det var veldig ubehageleg at dette kom så bardus på meg, utan noko tid til førebuing. Akkurat den dagen var ikkje Magnhild [Meltveit Kleppa] der, som var ein stødig meiningsfelle i slike saker i regjeringa, så eg hadde ingen å støtte meg på heller. Eg måtte berre setje ned foten og seie at dette vart heilt uaktuelt. Det vart rett og slett ein temmeleg hissig debatt mellom meg og Kristin. Eg har sjeldan kjent meg så aleine nokon gong i tida i politikken.

Navarsete seier ho er veldig overraska over at måten dette vart lagt fram på.

– Berre det at nokon kunne kome med dette i ein lunsj og tru det kom til å segle gjennom utan så mykje som eit regjeringsnotat, det må eg seie var ei skilsetjande oppleving. Eg veit ikkje om Kristin hadde diskutert dette med statsministeren på førehand, men ho fekk støtte frå Jens i møtet. Her feilvurderte nok begge kva sprengkraft saka hadde.

Sjølv om fyrste etappe var over etter lunsjen, var kampen slett ikkje avslutta der.

– Saka kom tilbake på meir formelt vis, til regjeringskonferansen. Men då var det i ordentlege former, og det hjelpte. Eg



HARDT ARBEID: – Vi må kjempe mot både likesæle og motstand for å sikre posisjonen til nynorsken, meiner avtroppende stortingsrepresentant Liv Signe Navarsete.

Foto: Håkon Mosvold Larsen

fekk tid til å setje meg inn i argumenta og førebu meg, slik at det vart ryddigare diskusjonar. Endringsframlegga var òg litt mindre radikale enn det vi hadde fått presentert i lunsjen.

Navarsete seier ho tykte argumenta for framlegget var svake.

– Kristin hadde blitt overtydd om at ei nedprioritering av sidemålet er det beste for norskunnskapane til elevane. Det er eg ikkje samd i. Ein kan alltid dra fram ein eller annan forskar som har sagt det eine og det andre, men at ei munnleg opplæring i sidemål vil vere til skade for nynorsken, meiner eg det er liten tvil om.

– Godt vi var to

Det var eit sjokk at eit slikt framlegg kom skulle kome frå ein regjeringspartner, seier Navarsete.

– Eg hadde absolutt ikkje venta meg noko slikt frå den sida, særleg ikkje frå SV. Dei er jo eit kunnskapsparti som profilerer seg på skule og kunnskap, og i tillegg har

dei ein del nynorskfolk i rekken.

Navarsete oppfatta arbeidet for å få stoppa framlegget som ein hard kamp, men det lukkast.

– Eg oppfatta ikkje dette som ei sak som var veldig viktig for Kristin personleg, heldigvis. Så då motførestillingane frå andre i regjeringa var så sterke som dei vart, fekk vi slått det tilbake. Men det var godt at eg og Magnhild var to i denne saka, for ho kravde litt politisk handverk av oss.

Frå storpolitikken kan ikkje Navarsete hugse å ha opplevd nokon kulturpolitisk kamp som kan måle seg med denne.

– Ettersom eg sette meg så på bakbeina i denne saka, kan det nok hende regjeringspartnerane skjøna at det ikkje var verdt å bruke krefte på liknande saker etterpå.

– Aldri heilt ferdige

Som statsråd har Navarsete vore oppteken av nynorskbruken i departementa ho har leidd. Mellom anna tok ho initiativ til at Kom-

munal- og moderniseringsdepartementet skulle dele ut pris for «Årets nynorskkommune». I tillegg har ho mått sende byråkratane på kurs.

– I departementa er diverse nynorskunnskapane for svake. Det fekk eg merke då eg tok til som statsråd og kravde meir nynorsk enn dei var vane med å skrive. Så det vart mykje kurs, men det hjelpte. Dei vart absolutt flinkare.

Om likesæle eller motstand er det største problemet for nynorsken, synest Navarsete det er vanskeleg å svare på.

– Begge delar kan jo vere svært skadeleg. Motstand såg vi eit døme på i saka eg hadde i regjering, men likesæla er òg noko vi må vere på vakt mot. Når det gjeld etterleving av lovverk, til dømes om offentleg mål bruk, trur eg ho spelar ei viktig rolle. Så alt i alt skal vi vere på vakt mot begge delar, og det er nok eit arbeid vi aldri blir heilt ferdige med.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Tidlegare kunnskapsminister Kristin Halvorsen svarar:

Det var selvsagt aldri meningen at dette skulle behandles i en regjeringslunsj og uten et skikkelig saksframlegg, så det er en misforståelse. Jeg visste jo at dette ville være en kontroversiell sak, og det er riktig at det ble luftet i forkant av utarbeidelse av et regjeringsnotat. Det dreide seg om forslag fra en arbeidsgruppe som utarbeidet nytt forslag til læreplan som uansett skulle på en høringsrunde. Det kom mange motforestillinger, ikke bare fra Senterpartiet, men også fra SV og Ap og mange andre miljøer, om å redusere antall karakterer og eksamener i norskfaget. Jeg mente at det er for mye med tre karakterer i norskfaget, og at vi hadde gode forslag til hvordan sidemål kan styrkes. Det er jo dessverre ikke slik at dagens opplæring styrker nynorsk som sidemål. Men etter høringsrunden ble det konkludert med at læreplanen ikke skulle endres.

Mellom 7. juni og 19. august fekk Noregs Mållag 305 363 kroner i gåve. Det er me umåteleg takksame for. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikre nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også sende IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Tusen takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Sverre Aalvik
Scott Aanby
Rolf Fredriksen
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Margit Homme
Oddgeir Jerset
John Gustav Johansen
Ragnar Kaasa
Jon Kolbjørn Lindset
Kåre Mogstad
Ragnhild Olavsdotter
 Nømeland
Rune Nylund
Sigrid Bjørg Ramse
Olav Riisland
Kari Gerd Riisland
Kåre Rike
Øystein Rød
Johannes G. Torstveit
Helge Ove Tveiten
Olav Vehus
Jens Velleine
Olav Torjå Åkre

AUSTMANNALAGET

Brynjulf Aartun
Ole Bjerke
Anders Bjørge
Else Petra Borkhus
Jon Steinar Bredeveien
Ivar Bungum
Bjørn Dalen
Torhild Ekre
Frode Erstad
Harald Ove Foss
Tordis Irene Fosse
Anders G. Fretheim
Randi Therese Garmo
Kjell Gulbrandsen
Odin Hagen
Magnhild Harsheim
Gudrun Havro
Torill Heilevang
Gaute Elvesæter Helland
Svein Johan Hellesøy
Bjarte Hole
Odd Reidar Hole
Helen Johannessen
Dag Johansen
Turid Kleiva
Håvard Kleiven
Inger Margrethe Kyllingstad
Ingrid Hanna Johanne
 Laugslet
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Asbjørn Myrvang
Jogrim Nordsletten
Jørgen Norheim
Odd Arne Nustad
Olaf Nøkleby
Jørgen Nørstegard
Liv Eva Preststulen
Oddvar Romundset
Anne Kristine Rossebø
Ivar Schjølberg
Jakup Skjedsvoll
Jorunn Skrinde
Arne Skuterud
Arne I. Skåle
Nils Steinar Slapgård
Unn-Elisabeth Solhaug
Inger Kirsten Stagrim
Mogunn Synstnes
Olav Teppen
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren

BUSKERUD MÅLLAG

John-Ragnar Kvam Aarset
Niri Baklid
Hans Borge
Einar Brattegård
Herbjørn Brennhovd
Per Drablos
Anne Hallingstad
Ola V. Isungset
Lars Erik Jacobsen
Oddbjørn Jorde
Frode Kinserdal
Mona Lid
Osvald Medhus
Per Ove Nybråten
Odd Oleivsgård
Arne Ommedal
Halle Perstølen
Gro Randen
Kari Roe
Ola Ruud
Knut H. Skrindo
Grethe Søllien
Torun Torsteinsrud
Sigrun Torsteinsrud
Sigurd Tveito
Øystein Velure

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Bergfinn Aabø
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Norunn Askeland
Børre Austmann
Olav Befring
Hilde Bergwitz
Rakel Bjerke
Reidar Bjørnerheim
Erlend Bleie
Reidar Borgstrøm
Jon Egil Brekke
Karen Bø
Tove Karina Eidhammer
Kirsten Osmo Eriksen
Turid Farbregd
Magnhild Folkvord
Tor Fuglevik
Kim S. Fureli
Anne Brit Gabrielsen
Tor Gabrielsen
Tom Kristian Grimsrud
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Erik Hardeng
Øystein Havrevoll
Anna Sigridsdatter Heen
Ola M. Heide
Mildrid Helland
Botolv Helleland
Sigrun Heskstad
Halldor Hoftun
Kjetil Torgrim Homme
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit
Tormod Hallstein Høgåsen
Ingeborg Hauge Høyland
Martha Rysjedal Johnsen
Inger Marie Jordell
Preben Kielland
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Turid Louise Quamme
Kittilsen

Olav Veka
Rune Øygard
Rolv Kristen Øygard
Bjarne Øygarden
Bjørg Øyoygard
Knut Kjelstadli
Harald Sverdrup Koht
Bård Koltveit
Dagrun Kvammen
Torhild Leira
Tor Einar Ljønes
Helge Lorentzen
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Martinus Løvik
Knut Jul Meland
Wenche Irene Melby
Norvald Mo
Arnold Mundal
Lars Helge Myklebust
Finn Måge
Johan Nedregård
Solveig Nerol
Ingunn Lomundal Nesheim
Øystein Njål Nordang
Torgeir Ose
Benjamin Edillon Reichle
Yngve Rekdal
Reza Rezaee
Asbjørn Roaldset
Kari Ryss Seemann
Olav R. Skage
Synnøve Skjøng
Kåre Smeland
Sigrid Solheim
Nils Standal
Idun Stokka
Einar Stromnes
Sissel L Sæbø
Jostein Sønnesyn
Asbjørn Tolsrød
Sverre Tusvik
Stein Tveite
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Synnøve Ulvik
Werner Vesterås
Jan Magne Vigdal
Lars Sigurdson Vikør
Kjetil Vistaad
Per Ivar Vaagland
Håkon Ørjasæter
Johannes Georg Østbø
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Torunn Aarre
Olav Aas
Olav Aasmundtveit
Livar Aksnes
Arne L. Aksnes
Audhild Aldal
Liv Ingrid Alvheim
Arne Andersen
Arnfinn Jørgen Ansok
Erik Arneson
Anders Austefjord
Erlend Bakke
Einar Bardal
Leidolv Berge
Arild Berge
Håkon M. Berge
